



BARSELOPPFØLGING I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



**BJØRNA
FJORDEN**



KOMMUNE



VELKOMEN HEIM TIL BARSELTID MED OPPFØLGING PÅ NÆRJORDMORSENTERET

Her vil jordmor følgje opp deg og barnet dei første fem dagane etter fødselen. Vi tilbyr individuelt tilpassa oppfølging.

Før utreise frå sjukehuset er det ekstra viktig at du med lang reiseveg får ei grundig vurdering av kva behov du og barnet ditt har for vidare oppfølging.

Liggetida på barselavdelinga blir tilpassa i forhold til dette.

Dersom du har lang reiseveg og er avhengig av ferje, kan du vere på barselavdelinga til nødvendige undersøkingar av den nyfødde er gjort, 48-72 timar etter fødselen.

Reiser du heim frå sjukehuset før barnet er 48 timar, vil du få med deg ein konvolutt med utstyr som jordmor treng for å ta blodprøven «nyfødtscreening» av barnet. Jordmor på nærjordmorsenteret vil ringe deg innan kl.11 første kvardag etter heimkomst.

For at vi skal planlegge oppfølginga er det difor viktig at du er tilgjengeleg på telefon. Ring nærjordmorsenteret om du ikkje høyrer frå oss innan kl.12.



Vi tilbyr individuelt tilpassa oppfølging etter mor og barnet sine behov alle kvardagar.

- Samtale om fødsel- og barselopplevinga
- Oppfølging av barselkvinna sin helsetilstand
- Ammerettleiing
- Vekt og vurdering av barnet sin ernæringstilstand
- Høyretest av barnet
- Nyfødtscreening
- Sjekk for gulsot (Bilicheck)

OSØYRO NÆRJORDMORSENER

Du finn oss i 2.etasje i Bjørnafjorden rådhus, inngang B

Adresse: Torggata 7, Osøyro

Jordmor kan du nå på telefon 468 27 754 alle kvardagar.

Helg- og heilagdaggar er vi stengde.

ANDRE NYTTIGE TELEFONNUMMER:

Bjørnafjorden kommune: 56 57 50 00

Legevakt: 116 117

Barseltelefon KK: 414 99 042

Barseltelefon Osøyro nærjordmorsenter:
468 27 754

Ved akutt sjukdom ring 113